



Internt notat

Vår ref.

2021/2542-4

Sakshandsamar:

Sveinung Seljås, 35 04 84 30

Arkivkode:

Q10

Dato:

14.12.2021

Til:	Høyringspartane
Frå:	Plansjefen i Nissedal

Veg frå Kyrkjebygdheia til Tørdal - Utfylt sjekkliste ved oversending av dispensasjonssaker

Her fylgjer den skjematiske sjekklista Statsforvaltaren ber om at blir bruka ved høyring av dispensasjonssøknader:

Tiltak	Bygging av ny bilveg 1720 m + ombygging av eksisterande bilveg 930 m, frå Svinsund og til kommunegrensa med Drangedal.
Lokalisering	Området er ikkje adressert, traseen kryssar fylgjande eigedomar, frå vest mot aust: 17/2, 17/9, 14/4, 14/3, 14/4 og 14/3, langs sørsida av Svinsundvatn, Buvatn og Buvassåna.
Planstatus	LNFR-areal både i kommunedelplanen for Kyrkjebygdheia (1440 m) og i kommuneplanen (280 m + 930 m).
Dagens bruk	Landbruk-utmark: Ikkje skogbruk, ingen organisert beitebruk, småvilt og storviltjakt. Friluftsliv: Sporadisk i bruk av nærliggande hyttebuarar. Ingen tursti, utanom stien som går mellom endepunkta på dagens bilvegar, mest på nordsida av vassdraget. Skiløype i område, men vegtraséen vil ikkje krysse skiløypa.
Dispensasjon	Det må gjevast dispensasjon frå byggeforbodet i LNFR, for begge planane.
Grunngjeving	Ein sambindingsveg vil korte ned reisetida (avstanden) mellom hyttefelta på Kyrkjebygdheia og austlandsområdet med ½-1 time. Ca. halvparten av eksisterande (600) og framtidige (800) eigarar av fritidsbustader her, vil ut frå vedlagte rapport frå Asplan Viak, få ein slik avkorta reiseveg.
Historikk	Kraftutbygginga på 60-talet gav store delar av arealet vegtilkomst, og vegtilkomst la grunnlaget for å realisere anna utbygging (hyttebygging). Plan om sambindingsveg mellom Kyrkjebygdheia i Nissedal og Tørdal i Drangedal har meir eller mindre vore tema lokalt frå den tid og til nå.

Kart og illustrasjonar	Tiltaket er markert både i kommunedelplan- og kommuneplankartet. Søkar har utført detaljplanarbeid, og ved det endra lineframføringa noko. Vedlagte kartblad syner detaljplanlagd trasé.
Lovlegheit	Sambindingsvegen er vist som framtidig bilveg på kommuneplan-nivå, frå 2003. Det er ikkje sett krav om detaljreguleringsplan for å gjennomføre tiltaket, men det er vurdert at tiltaket må ha dispensasjon frå byggeforbodet i LNFR-føremålet.
Vurdering etter naturmangfoldloven	Det er på oppdrag frå søkar utarbeidd ein rapport om konsekvensar for biologisk mangfald og kulturminne. Faunrapport 023/2019 er lagt ved, og det blir vist til den.
Landbruksfagleg vurdering	Vegtraseen har som nemnd lege som eit framtidig tiltak på kommuneplan-nivå sidan 2003. Det har ikkje kome landbruksfaglege merknader til dette då eller ved seinare planrulleringar (2008,2017). Ein veg vil lette tilkomst til LNFR-areal og slik sett gjere ei framtidig utnytting enklare.
Kommunens vurdering	At tiltaket blei lagt inn i kommunedelplan/kommuneplan og er blitt vidareført etter fleire rulleringar av desse planane, gir uttrykk for at tiltaket frå kommunens side er ønskeleg. Vedtaket i kommunestyre-sak 058/19 (vedlagt) stadfesta på nytt dette, men sette vilkår om at søknaden blei supplert med kulturminne- og biologisk mangfaldregistreringar. Dispensasjonssøknaden skulle også sendast på ei brei høyring før det blir tatt endeleg stilling til han. Det er ei slik høyring som nå blir gjennomført.